

På utkikk etter kystkultur



Anders Jordal gav Kjell Magnus Økland og Linda Øen ei oppdatering på arbeidet med Gurine.

På mandag var dagleg leiar for Kystsogevekene, Kjell Magnus Økland, på vitjing i kommunen.

Målet med besøket til Økland var å treffa gode krefter som arbeider med kystkultur.

Mellom anna var han innom Skaalurensamlinga, «Gurine» i Gurinefjæro, Grindanaustet i Valen Båthamn og Sunde Kyst og Litteratursenter. Då Økland var innom dugnadsgjengen i Gurinefjæro fekk han omvisning av leiar i interesse-

laget, Anders Jordal.

– Det er eit verkeleg tøft prosjekt og ein formidabel innsats som vert lagt ned her, rosar ein imponert Økland.

Han kunne fortelje at han har følgd med på prosjektet lenge.

– Dei har ei god nettside, og eg plar kike innom den med jamne mellomrom for ei oppdatering. Det er flott at dei nyttar seg av bilete og filmsnuttar, fortel leiaren i Kystsogevekene.

– Det vert spanande å sjå om den entusiasmen som råder no i byggeprosessen også kan vidareførast når «Gurine» kjem på sjøen. Det kjem til å verta eit kjempetilskot til bygda å ha ei så flott skute på vatnet, føyer han til.

Kystsogevekene

Økland var også rundt for å inspirere ulike lag til å lage arrangement som kan flettast inn i programmet til Kystsogevekene, som går av stabelen over fem veker frå 12. august til 17. september.

– Eg håpar å kunne inspirere til eitt eller gjerne fleire arrangement, fortel Økland.

– Mi rolle er som ein altmoglegmann som hjelper dei ulike som vil arrangera med programhefte, pressemeldingar med meir. Det vert arrangert under ein «fellesparaply». Det kan vera alt får større festivalar til mindre, smalare arrangement, opplyser han.

Etter å ha vitja Skaalurensamlinga og fått omvisning og lunsj saman med dugnadsgjengen i Gurinefjæro, bar vegen vidare sørover i kommunen.

– Eg ser fram til å vitja dei andre laga utover i kommunen for å høyra kva dei har å fortelja, sluttar ein forventningsfull Økland.

Seinare på kvelden avslutta Kjell Magnus Økland opphaldet i Kvinnherad med eit foredrag om Oselvaren på Kvinnherad bibliotek.